

## Standardavtale for individuelle AKAN-opplegg i Hordaland fylkeskommune

Denne avtalen er inngått mellom arbeidstakar .....  
og Hordaland fylkeskommune (HFK) som arbeidsgivar.

Arbeidstakar er gjort kjent med gjeldande prosedyrar for handsaming av saker der tilsette i HFK har brote personalreglementet med omsyn til ruspåvirking/rusmiddelbruk eller pengespel i arbeidstida.

Alle som underteiknar denne avtalen, forpliktar seg til eit gjensidig samarbeid om opplegget i avtalen, både den generelle delen og den individuelt tilpassa delen. Eventuelle endringar, både av den generelle og den individuelt tilpassa delen, må gjerast skriftleg og i forståing med alle som har underteikna avtalen.

### Generell del

- Avtalen skal gjelde frå dags dato og to år framover
- Avtalen vert evaluert/vurdert første gong ..... (jamfør den individuelle delen)
- Når avtalen vert evaluert/vurdert, skal følgjande personar vere til stades:

..... (vedkomande sjølv)  
..... (**Bedriftshelsetenesta**)  
..... (AKAN-kontakt)  
..... (næraste leiar)  
..... (ev. tillitsvald eller annan person etter eige ønskje).

Behov for vurdering kan oppstå dersom arbeidstakar bryt personalreglementet og får ei ny åtvaring etter retningslinene. Dette gjeld òg ved brot på avtalen for det individuelle opplegget eller ved manglande oppfølging frå ein av partane. Justering av avtalen kan også vere aktuelt ved positiv utvikling.

Fastlege: .....

**Ved behov for sjukmelding skal ein primært nytte fastlegen, eventuelt bedriftslegen eller annan lege i tråd med det individuelle opplegget.**

Same kva årsaka er, melder arbeidstakar frå til næraste leiar om fråværet. Fråværet må meldast så tidleg som mogleg etter at arbeidstakar startar. Det kan verte avtalt at arbeidstakar seier frå seg retten til eigenmelding ved sjukdom, sjå individuell del av denne avtalen.

Det er ein føresetnad at det vert gitt fullmakter til nødvendig utveksling av informasjon og samarbeid med dei involverte i arbeidet med det individuelle AKAN-opplegget.

*Alle som er involverte i arbeidet med AKAN-opplegget har teieplikt utover det som naturleg inngår i samarbeid og melderutinar.*

## Standardavtale for individuelle AKAN-opplegg i Hordaland fylkeskommune

### Individuell del

I tillegg til den generelle delen av avtalen (s.1), er følgende punkt avtalt:

Stad: ..... Dato: .....

.....  
Arbeidstakar

.....  
Leiar

.....  
AKAN-kontakt

.....  
**Bedriftshelsetenesta HFK**

.....  
Tillitsvald